



Avinor Flesland v/Linda Forstrønen

Dato: 22.02.2017  
Vår ref.: 2016/34268-12  
Saksbehandlar: einhuns  
Dykkar ref.:

## **Rammevilkår og vidare prosess: "Ladeinfrastruktur for drosjar i Bergen køyreområde"**

### **Rammevilkår**

Hordaland fylkeskommune takka ja til tilsegn frå Miljødirektoratet med den føresetnad at ladestasjonane ved Flesland vert offentleg tilgjengelege i fyrste omgang. Det kan sikre ei god utnytting av ressursane, fram til drosjane sjølv eventuelt utgjer ei tilstrekkeleg stor kundegruppe.

Svaret frå Miljødirektoratet er positivt:

«Vi er i utgangspunktet positive til at ladestasjonane på Flesland er offentleg tilgjengeleg i ein periode for å utnytte ressursane og vi reknar ikkje med at inntektene frå dette er så store at dei vil ha nokon påverknad for vilkåra i tilsegna. Men vi legg til grunn at føremålet med ladeinfrastrukturen er å leggje til rette for elektriske drosjar i det omfanget som er skildra i søknaden.»

### **Gjennomføring**

Fylkeskommunen går no i gang med å organisere gjennomføringa av prosjektet. I utgangspunktet har vi ansvar for delprosjektet ved Bystasjonen. Utover det kan vi gjerne bistå Avinor med omsyn til delprosjektet ved Flesland.

For Bystasjonen ønskjer vi å finne ein privat tilbydar som kan ta seg av bygging og drift av ladestasjonane. Vi kjem til å organisere ein dialogkonferanse med moglege tilbydarar for å avklare vidare spørsmål.

- Det er sjølvstøtt ikkje naudsynt at fylkeskommunen og Avinor Flesland brukar ressursar på parallelle prosessar.
- Det kan dessutan vere lettare å få interesserte tilbydarar viss oppdraget omfattar meir enn eitt delprosjekt.

Er det difor ønskjeleg at fylkeskommunen organiserer dialogkonferanse og eventuell anbodskonkurranse for begge delprosjekt?

Ein felles prosess set likefullt føre at relevante kontaktpersonar frå Avinor Flesland er tilgjengelege og/eller til stade under dialogkonferansen og i anbudsprosessen for å spesifisere oppdraget og svare på spørsmål. Anbudskonkurransen må truleg munne ut i to separate avtaler for kvart delprosjekt.

Vi ber om tilbakemelding på dette, slik at vi kan starte gjennomføringa.

Sølve Sundbø  
klima- og naturressurssjef

Einar Aalen Hunsager  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*